

Tilskot til mobil linjeboring

Vinbekk Service leverer spesialtenester innan mobil linjeboring. Bedrifta er tidlegare etablert med støtte frå næringsfondet i Bø og er nå i ein vidareutviklingsfase. Det kjem stadig fleire og større oppdrag og bedrifta ser nå behov for ein verkstad utover ein liten garasje som har nytta til nå. Ved å komme i gang med denne vidareutviklinga ser bedrifta moglegheit for på sikt å kunne utvide med fleire arbeidsplassar ettersom den får stadig fleire og større oppdrag. Uval for plan, teknikk og næring vedtok å løyve tilskot frå det kommunale næringsfondet på inntil 90.000 kroner.

lemark



Vil, vil ikkje, vil ikkje svare. Ordførarane i Midt-Telemark er ikkje einige. Olav Kasland (t.v.), Bø, ønskjer Midt-Telemark, Hans Sundsvalen, Sauherad, meiner det er for lite og Bjørg Tveito Lundefaret vil ikkje svare.

nei. Ordførar Bjørg Tveito Lundefaret (Ap) ønskjer ikkje å seie noko no, ho meiner det er for tidleg.

Det er 17 av kommunestyrepolitikarane som ikkje har svart i Nome. Det gir ein svarprosent på 41. Truleg er det mange frå Ulefossdelen av kommune som ikkje har svart.

Usikkert i Sauherad

Det er berre 31 prosent av kommunestyrepolitikarane i Sauherad som svarar. Av dei er det sju som svarar ja til kommunesamanslåing, medan ein, Mari Anne Jenssenter (Ap) svarar nei. Dei som svarar ja er i mange tilfelle i tvil om kva dei meiner er best. Morten Eek

(H) meiner Lifjell rundt, medan Aslaug Norendal (V) primært vil ha Midt-Telemark, alternativt Lifjell rundt. Jarl Olav Rugtveit (KrF) er skeptisk til Lifjell rundt, han seier at Grenland kan vere mogleg, men han har ikkje konkludert.

Ordførar Hans Sundsvalen (Ap) seier at ein ikkje har noko val, ein må seie ja til samanslåing slik vedtaket i Stortinget er. Han meiner at ein kommune ut frå føresetnadane som er lagt må ha 20.000 til 30.000 innbyggjarar for å levere gode nok tenester sett i eit 50-årsperspektiv. Han seier ikkje kven han meiner Sauherad bør slå seg saman med. Sundsvalen har også tidlegare sagt at han meiner Midt-Telemark er for lite.



Interior Drømmer

3 FOR 2 PÅ ALLE VARER!!
TORSDAG 27 NOVEMBER

*Vi starter julen i butikken med ett kjempetilbud!!
 Velkommen inn til en hyggelig handel.*

InteriorDrømmer | Bøgata 67 | 3800 Bø i Telemark
 Tlf: 45 80 62 76 | E-post: interiordrommer@gmail.com
 Følg oss på Facebook: <https://www.facebook.com/Interiordrommer>

Vi feirer:

30 år

- Som fagutdannet frisør
- Siden oppstart av egen salong

30%

på alle produkter
 torsdag, fredag
 og lørdag!

HIPP HIPP HURRA!

Agaton Sax

Rindegården • 3800 Bø • Tlf.: 35 95 02 87
 Timebestilling/Drop in